



Vestfold  
og Telemark  
revisjon

# Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll | Nissedal  
kommune

# Innhold

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1. Innleiing .....</b>                                       | <b>4</b>  |
| 1.1. Bakgrunn.....  | 4         |
| 1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga .....               | 4         |
| 1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll ..... | 5         |
| <b>2. Gjennomførte revisjonar .....</b>                         | <b>7</b>  |
| <b>3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.....</b>           | <b>8</b>  |
| <b>4. Om Nissedal kommune .....</b>                             | <b>8</b>  |
| 4.1. Demografi.....   | 8         |
| 4.2. Kommunen si organisering.....                              | 9         |
| 4.3. Interkommunalt samarbeid .....                             | 9         |
| 4.4. Økonomi .....  | 9         |
| <b>5. Fellestenesta, stab og tverrgåande tema.....</b>          | <b>11</b> |
| 5.1. Internkontroll .....                                       | 11        |
| 5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefravær .....  | 11        |
| 5.3. Budsjettering og rapportering .....                        | 12        |
| 5.4. Etikk og varsling.....                                     | 12        |
| 5.5. Beredskap .....  | 13        |
| 5.6. Arkiv og dokumentasjon - openheit og innsyn .....          | 14        |
| 5.7. Informasjonstryggleik og personopplysninger.....           | 14        |
| 5.8. Innkjøp.....   | 15        |
| <b>6. Plan og næring.....</b>                                   | <b>17</b> |
| 6.1. Berekraft, klima og miljø.....                             | 17        |
| 6.2. Planlegging .....  | 18        |
| 6.3. Byggesak.....  | 19        |
| 6.4. Næringsarbeid .....  | 20        |
| <b>7. Eining for velferd .....</b>                              | <b>21</b> |
| 7.1. Helse- og omsorgstenester .....                            | 21        |
| 7.2. NAV .....  | 22        |
| <b>8. Eining for oppvekst og kultur .....</b>                   | <b>24</b> |
| 8.1. Barnehage og skule .....                                   | 24        |
| 8.2. Pedagogisk psykologisk teneste.....                        | 25        |

|            |   |           |
|------------|---|-----------|
| 8.3.       | <b>Integrering og vaksenopplæring .....</b>   | 26        |
| 8.1.       | <b>Barnevern.....</b>   | 27        |
| <b>9.</b>  | <b>Eining for teknisk drift.....</b>  | <b>29</b> |
| 9.1.       | <b>Eigedomsforvalting .....</b>   | 29        |
| 9.2.       | <b>Vatn og avløp .....</b>  | 30        |
| 9.3.       | <b>Veg .....</b>  | 32        |
| 9.4.       | <b>Renovasjon .....</b>   | 32        |
| 9.5.       | <b>Brannvern og feiing .....</b>  | 33        |
| <b>10.</b> | <b>Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap .....</b>                       | <b>34</b> |
| 10.1.      | <b>Eigarskapskontroll .....</b>   | 34        |
| 10.2.      | <b>Forvaltningsrevisjon i selskap.....</b>  | 35        |
|            | <b>Vedlegg 1: Oversikt over selskap.....</b>  | <b>37</b> |
|            | <b>Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikke sjølvstendige rettssubjekt .....</b> | <b>40</b> |

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.<sup>1</sup>

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap.

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisionsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring.

Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisionsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon i selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 10.

**Plan for forvaltningsrevisjon** skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemde og verksemda i kommunen sine selskap.

**Plan for eigarskapskontroll** skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen og kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Nissedal kommune, jf. kontrollutvalet sine saker 25/23 og 07/24

Risikovurderinga for forvaltningsrevisjon står i kapittel 5 til 9, og risikovurdering for eigarskapskontroll står i kapittel 10.

## 1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Risikovurderinga er av overordna karakter, og det kan vere noko usikkerheit ved informasjonen vi byggjer på. Det kan også skje endringa i risikobildet i løpet av planperioden.

Vi byggjer vi på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

---

<sup>1</sup> Jf. Kommuneloven § 23-2, § 23-3 og § 23-4.

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA og annan statistikk
- informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtale med kommunedirektør og ordførar
- innspel frå administrasjon, tillitsvalde og sentrale politikarar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet
- forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra
- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege mynde

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. På dei store tenesteområda må det gjerast ei nærmare vurdering av risiko og vinkling i samband med bestillinga.

#### **Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar**

Avtroppande kontrollutval gav i sak 26/23 følgjande innspel til risikovurderinga:

- Sjølvkost på VA-området
- Oppfølging av ulike område innanfor teknisk sektor, eks. oppfølging av sikkerheit på leikeanlegg i skular og barnehagar.
- Flaumsikring

Sitjande kontrollutval hadde ingen nye innspel, jf. sak 7/24.

#### **Innspel frå kommunedirektør og ordførar**

Ordførar peiker på områda grunnskule og VA-utbygging/sjølvkost som aktuelle tema for forvaltningsrevisjon i perioden.

Kommunedirektøren meiner at kommunen sitt arbeid med GDPR (informasjonstryggleik-/personopplysningar) er det mest aktuelle temaet.

#### **Innspel frå kommunalsjefar, gruppeleiarar og tillitsvalde**

Vi har fått innspel om fleire ulike tema for forvaltningsrevisjon. Tema som fleire er samde om, er personalforvaltning, grunnskule (PPT) og eigedomsforvaltning.

### **1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis ein rapport om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Nissedal kommune, fordelt over fire år, avhengig av tema og innretning på

undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisionar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

## 2. Gjennomførte revisjonar

### Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontollar 2016-2023

Nissedal kommune har hatt følgande forvaltningsrevisjonar i perioden 2016-2023:

| Tema   | År   |
|--|------|
| Sosiale tenester   | 2016 |
| Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark – sjølvkost på feietenester | 2017 |
| Saksutgreiing  | 2018 |
| Eigarskapskontroll - generell                                    | 2019 |
| IATA AS – eigarstyring og sjølvkost                              | 2020 |
| Arkiv og openheit  | 2022 |
| Eigarskapskontroll - generell                                    | 2022 |

### Forenkla etterlevingskontroll 2019-23<sup>2</sup>

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.<sup>3</sup> Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik for funna. I Nissedal kommune har revisor kontrollert følgjande tema:

- 2019: Offentlege anskaffingar
- 2020: Sjølvkost (plan, byggesak og oppmåling)
- 2021: Etterbereking av opphaldsbetaling for opphold i institusjon
- 2022: Offentlege anskaffingar
- 2023: Attestasjon og tilvising

---

<sup>2</sup> Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved kommunelova av 2018, og blei gjennomført første gong i 2019.

<sup>3</sup> Jf. kommunelova § 24-9

## 3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Tabellen viser kvar vi, basert på risikovurderinga, meiner det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Opplistinga er kronologisk:


| Tema                               | Vinkling/kommentar  | Kapittel |
|------------------------------------|---|----------|
| Sjukefråvær                        | Risiko bør vurderast på nytt mot ferskare tal. Slik statistikken var for 2023 bør ein eventuelt vinkle dette mot helse og velferd/teknisk   | 5.2      |
| Etikk, varsling, habilitet         | Rutinar og retningslinjer knytt til etikk, varsling og habilitet, praktiske tiltak for å sikre ein høg etisk standard.  | 5.4      |
| Personvern – informasjonstryggleik | Undersøke kommunen sin internkontroll, og om det er god praksis i heile organisasjonen.   | 5.7      |
| Klima og miljø                     | Undersøke om tiltak i klimaplanen bli følgde opp  | 6.1      |
| Byggesak                           | Sakshandsaming, dispensasjoner, klager og tilsyn  | 6.3      |
| Helse og omsorgstenester           | Det har ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjon av desse tenestene dei siste åra. Aktuelle tema er ressursbruk, tenestenivå, bemanning, kvalitet.<br>Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling. | 7.1      |
| Vatn og avlaup                     | Aktuelle tema kan vere sjølvkostfordeling og kontroll med investeringar.  | 9.2      |
| Generell eigarskapskontroll        | Ei oppfølging etter eigarskapskontrollen i 2022. Bør kome etter at eigarskapsmelding er handsama av kommunestyret.  | 10.1     |
| Forvaltningsrevisjon i selskap     | Kontrollutvalet peikar eventuelt ut selskap ved bestilling.   | 10.2     |

## 4. Om Nissedal kommune

### 4.1. Demografi

31.12.23 var innbyggartalet 1.471 som er ein oppgang på 29 personar sidan 31.12.22. I løpet av 2023 er det busett 21 flyktningar i kommunen. Innvandrarbefolkinga i kommunen utgjer om lag 12 % av befolkninga.

## 4.2. Kommunen si organisering



Figur 1: Organisasjonskart basert på årsmelding 2022

Kommunedirektøren si leiargruppe består av

- einingsleiarane for velferd, oppvekst og kultur og teknisk drift
- kommunalsjef plan og næring
- kommunalsjef økonomi
- kommunalsjef samfunn og utvikling

## 4.3. Interkommunalt samarbeid

Nissedal kommune deltek i fleire samarbeid om kommunale oppgåver. Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til. Oversikt over dei interkommunale samarbeidsordningane står i vedlegg.

Nissedal kommune er også deltakar i selskap/ulike sjølvstendige rettssubjekt. Oversikt over alle eigarskap og vurdering av risiko knytt til eigarskap og selskap står i kapittel 10.

## 4.4. Økonomi

| KOSTRA 2023  | Nissedal kommune | KOSTRA-gruppe 14 | Landsgj.snitt* |
|--|------------------|------------------|----------------|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 5,6 %            | 2,6 %            | 1 %            |

|   |           |           |           |
|---|-----------|-----------|-----------|
| <b>Langsiktig, renteeksponert gjeld<sup>4</sup> i prosent av brutto driftsinntekter</b> | 20,4 %    | 29,9 %    | 50,1 %    |
| <b>Frie inntekter per innbygger</b>   | 90 092 kr | 88 749 kr | 68 010 kr |
| <b>Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>              | 6,6 %     | 18,6 %    | 13,3 %    |

Tabell 1: Tall fra KOSTRA pr 04.04.24 \* landet uten Oslo

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kommunen kan disponere til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Tabellen viser at Nissedal kommune ligg over gruppessnittet og landsgjennomsnittet og det tilrådde nivået frå TBU.

Netto renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar kommunen si budsjettbalanse er for en auke i renta. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligger Nissedal kommune relativt lavt i forhold til gruppessnitt og landssnitt. Ei auke i renta vil verke mindre inn på budsjettet til Nissedal enn kommunane vi samanliknar med.

Dei frie inntektene består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Fri inntekter per innbyggjar seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Nissedal kommune har noko større økonomisk handlingsrom enn gruppessnittet.

Fri eigenkapital drift er det som i kommunerekneskapen heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som kommunen kan bruke fritt til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen, og er eit utrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen viser at Nissedal kommune har relativt liten økonomisk buffer, i samanlikna med gruppessnittet og landsgjennomsnittet.

---

<sup>4</sup> Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

## 5. Fellesstenesta, stab og tverrgåande tema

### 5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både sektorovergripande og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen.

Det går fram av årsmeldinga for 2023 at internkontrollsystemet Compilo er tatt i bruk i heile organisasjonen og at det er godt innarbeidd i heile organisasjonen. Kommunedirektøren meiner det blir arbeidd godt og systematisk med internkontroll og avvikshandtering.

#### Vurdering

Det kan vere risiko for at internkontrollsystemet og internkontrollarbeidet ikkje er godt implementert i alle deler av kommunen. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko i Nissedal

### 5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt kompetanse, førebygge og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid. Ifølgje årsmeldinga har kommunen utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft på fleire område. Mangel på kvalifisert personell kan gi risiko knytt til kvaliteten i tenesteytinga.

I 2023 var sjukefråværet i kommunen høgare enn i 2022. Det var høgast fråvær i eining for helse og velferd og i teknisk drift.

Kommunen har i 2023 nytta KF sitt verktøy 10-faktormodellen for medarbeidarundersøkingar. I årsmelding for 2023 skriv kommunedirektøren at sjukefråvær blir følgd opp i jamlege oppfølgingsmøter med BHT og NAV v/arbeidslivssenteret og samlingar kommunedirektøren har med sine avdelingsleiarar. Kommunedirektøren rapporterer jamleg til formannskapet om dette.

Ordførar seier det er fokus på arbeid med sjukefråvær og rekruttering frå politisk hald. Det er utfordringar i Nissedal, men ikkje meir enn i andre kommunar.

Kommunedirektøren seier sjukefråværet varierer mellom einingar. Han meiner det blir arbeid seriøst med oppfølging av sjukemelde frå avdelingsleiarane sin side.

#### Vurdering

Det kan vere risiko knytt til arbeidet med å redusere sjukefråvær. Det kan vere særleg aktuelt så på dei sektorane/einingane i kommunen der fråværet er særleg høgt.

Vald og truslar mot tilsette er også ein aukande risiko i kommunen, men vi er ikkje kjende med forhold som peikar mot at det er særskilt risiko på dette området i Nissedal.

## 5.3. Budsjettering og rapportering

Kommunestyret sjølv skal vedta årsbudsjett og økonomiplan for valperioden. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendig og oversiktleg.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga seinast 30. juni. Minst to gonger gjennom året skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med budsjettet.

Kommunen har budsjett og økonomiplan, og rapporterer til kommunestyret tre gonger om året, inkludert årsrekneskap og årsmelding.

### Vurdering

Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

## 5.4. Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunane er tillitsskapande. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for planlagde og iverksette tiltak

Kravet til habilitet gjeld for alle tilsette og politikarar. For å sikre at habilitet blir handert i samsvar med gjeldande krav, bør det gjerast risikovurderinger, og kommunen bør ha rutinar som sikrar at habilitet blir vurdert og at inhabilitet blir handert.

Arbeidstakrar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar vågar å seie frå om kritikkverdige forhold, og dermed til å hindre og betre desse. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel.

Nissedal har etiske retningsliner frå 2008. Desse blir gjort kjend for nytilsette, og ligg tilgjengeleg i internkontrollsystemet Compilo. I årsmeldinga står at leiarforum blir nytta til å diskutere praktisering av etiske retningsliner. Det er ikkje omtale av om ein har tiltak for etisk refleksjon og dilemmatrening andre stader i organisasjonen. Kommunedirektøren meiner kommunen har gode varslingsrutinar og at dei er kjende hjå tilsette.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av etikk, habilitet og varsling i Nissedal tidlegare.

### Vurdering

Alle verksemder må arbeide kontinuerleg med å sikre høg etisk standard og eit trygt ytringsklima. Sjølv om kommunen har etiske retningsliner og rutinar for varsling, kan det vere risiko knytt til

kommunen sitt praktiske arbeid og kulturen rundt etikk og varsling. Dette bør difor prioriterast for forvaltningsrevisjon frå tid til anna.

Ein slik forvaltningsrevisjon involverer vanlegvis alle tilsette i kommunen, og kan bidra både til styringsinformasjon og til læring og forbetring i heile organisasjonen. Om ynskjeleg kan ein også inkludere politisk nivå.

Habilitet har vorte aktualisert gjennom fleire saker i rikspolitikken siste året. Vi har ikkje grunnlag for å tru at det er særskilt risiko knytt til inhabilitet i Nissedal, bortsett frå at det er ein liten kommune der det kan vere tette band. Vi nemner likevel tema her, fordi det kan vere effektivt og naturleg å ta med habilitet i ein forvaltningsrevisjon om etikk og varsling.

## 5.5. Beredskap

Plan- og bygningslova stiller krav til samfunnstryggleik i kommunen si planlegging. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som føremål å redusere risiko for at kriser skjer, og sørge for at kriser som likevel skjer blir handtert best mogleg.

Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane beredskapsplikt, og dei skal planlegge beredskapen basert på ei heilskapleg analyse av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse).

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark hadde tilsyn med beredskap i Nissedal i 2020 og 2023. Tilsyna undersøkte om samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Tilsyna såg også på delar av beredskapsarbeidet på sektor nivå, innanfor helse- og omsorgssektoren og utdannings- og oppvekstsektoren.

I 2020 vart det gitt fem avvik, knytt til manglende oppdatering av ROS-analyse, manglende mål, strategiar og planverk, og manglende system for opplæring. I 2023 fekk kommunen sju avvik. Kommunen har arbeidd med å lukke avvika i samarbeid med Statsforvaltaren. Statsforvaltar skriv at kommunen er i gang med å følgje opp avvika frå 2020, men at arbeidet går seint, og at øvingsbolken viste behov for å etablere klare roller og oppgåver. Statsforvaltar vil jobbe vidare med øving som del av tilsyna framover.

Kommunestyret vedtok overordna ROS-analyse i oktober 2022, og handsama overordna beredskapsplan i juni 2023. Kommunen vil arbeide med å implementere planverket ved hjelp av kurs, gjennomgang og øvingar.

I årsmeldinga for 2023 skriv kommunedirektøren at det er utarbeida ny ROS-analyse for brann og redningsvesenet, førebyggandeanalyse og beredskapsanalyse iht. ny forskrift felles for alle brannvesena i VTBV.

Det er ikkje planlagt tilsyn frå Statsforvaltaren i perioden 2024-2026.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er så relevant å gjere forvaltningsrevision på dette området no. Han viser til tilsyn fra statsforvaltaren, og at kommunen har arbeidd mykje med oppfølging av desse. Eit forbetringspunkt er at kommunen bør øve meir, og evaluere øvingane.

#### Vurdering

Vi meiner at det er risiko knytt til beredskap i Nissedal. Kommunen har gjort tiltak i 2022-23 som kan bidra til å redusere risikoen.

Tidelagere kontrollutval i Nissedal har spela inn beredskap – flaumsikring som tema for forvaltningsrevision. Ein eventuell forvaltningsrevision knytt til beredskap/flaumsikring kan sjåast i samanheng med tilpassing til klimaendringar, jf. pkt. 6.1.

## 5.6. Arkiv og dokumentasjon - openheit og innsyn

Kommunen sin dokumentasjon har betydning for demokratisk aktivitet, rettstryggleik, forsking og kulturell verksemd. Ein velfungerande postjournal og arkivordning er grunnleggande føresetnader for kor open kommunen er og kor godt det ligg til rette for demokratisk medverknad.

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultata i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26, mens minste poengsum er -15 (det er mogleg å få minuspoeng). Lågaste poengsum ein kommune fekk i 2023 var 0 poeng. Nissedal kommune fekk 14 poeng. Beste kommune i Vestfold og Telemark hadde 24 poeng, mens därlegaste hadde 3 poeng.

#### Vurdering

Det var forvaltningsrevision av arkiv og journal i 2022, og vi vurderer derfor ikkje at det er aktuelt å prioritere dette området for forvaltningsrevision i denne perioden.

## 5.7. Informasjonstryggleik og personopplysningar

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre kommunen si handsaming av informasjon. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre konfidensialitet, integritet og at informasjonen er tilgjengeleg ved behov.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemder.

Kommunen behandler personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar, og pliktar å ha eigna tiltak for å sikre ei forsvarleg behandling av personopplysningane.

Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei.

Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

Nissedal blir i løpet av 2024 med i Vest-Telemark driftssenter KO, med Vinje som kontorkommune. Driftssenteret hadde ein ekstern gjennomgang av informasjonstryggleiken i 2022, og har innført nye rutinar og verktøy/løysingar etter det.

I årsmeldinga for 2023 skriv kommunedirektøren at det ikkje er gjort særskilte tiltak på GDPR. Han skriv at dette er eit fagområdet som Vest-Telemarkkommunane bør gå saman om.

Ordførar seier det kommunen har brukt mykje ressursar på dette området og meiner det vil vere betre å nytte revisjonsressursar på eit anna område.

Kommunedirektøren seier at det vil vere nyttig med ein gjennomgang av arbeidet med GDPR. Sjølv om det har vore arbeidd med dette temaet, er han usikker på om kommunen har kome heilt i mål.

### Vurdering

Det er generelt aukande risiko knytt til informasjonstryggleik, og informasjonstryggleik og personvern må ivaretakast i alle deler av kommunen. Det vil såleis alltid vere ein viss risiko for svikt. Organisering av IT-verksemda i større einingar kan bidra til å sikre kompetansen og redusere risikoene.

I og med at Nissedal nyleg har etablert rutinar og tiltak på dette området, kan ein forvaltningsrevisjon gi nyttig informasjon om tilstanden. Ein forvaltningsrevisjon kan også gi auka merksemd på arbeid informasjonstryggleik hjå tilsette i kommunen.

## 5.8. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptrer med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blir kravet om å ta miljøomsyn skjerpa, og hausten 2023 er det foreslått endra reglar om bruk av lærlingar.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjera og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktekjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemder kan delta i konkurransen om oppdrag.

Nissedal kommune deltek i eit Telemark innkjøpssamarbeid (TIS). I Nissedal er det gjennomført to forenkla etterlevingskontroller på dette området.

### Vurdering

Det kan vere risiko for at kommunen ikkje har gode nok tiltak og praksis for å gjere innkjøp og følgje opp kontraktar i samsvar med gjeldande krav og føringar. Deltaking i innkjøppssamarbeid kan redusere risikoen.

Ein eventuell forvaltningsrevisjon på dette området kan eventuelt koplast saman med ein forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt, til dømes utbygging av infrastruktur som vatn- og avlaupsanlegg. Sjå pkt. 9.2.

## 6. Plan og næring

Plan og næring omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Næringsarbeid for Nissedal ligg og til plan og næring. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal (Kviteseid er vertskommune).

### 6.1. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegging i kommunane. I dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing står det at kommunane i si overordna planlegging skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør sette ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen<sup>5</sup> som vart inngått i desember 2022, har Norge mellom anna forplikta seg til å stoppe og reversere tap av natur innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.



Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å ivareta *livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planmynde

<sup>5</sup> Kunming-Montreal Global biodiversity framework

- innkjøpar av varer og tenester, sjå pkt 5.8
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur, sjå pkt 9

Det er venteleg at krava til berekraftsarbeid i kommunane vil auke i planperioden, og nokre av måla er aktuelle også innanfor oppvekst, helse og meistring og NAV.

Kommunestyret har vedtatt ein felles klimaplan for Vest-Telemark. Planen er knytt opp mot berekraftsmåla. Det er forslag til mål og tiltak for kommunane og andre aktørar innan arealforvaltning, jordbruk, skogbruk, transport, sirkulærøkonomi og avfall, enøk og innkjøp.

Kommunen har ikkje klimabudsjett/klimarekneskap.

#### Vurdering

På generelt grunnlag kan det vere risiko for at planlagde tiltak ikkje vert gjennomførte. Ein forvaltningsrevisjon av klimatiltak og/eller klimatilpassing kan vere nyttig. Klimatiltak vil eventuelt passe best noko ut i perioden.

## 6.2. Planlegging

Kommunestyret skal sjølv leie den kommunale planlegginga, og vedta communal planstrategi, kommuneplanar og reguleringsplanar.

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver kommunen. Vurdering av planbehovet og arbeidet med communal planstrategi skal prioriterast. Reguleringsplanar angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader, og er bindande for nye eller utviding av eksisterande byggjetiltak.

Planprosessane skal vere opne og føreseielege. Dei fleste kommunar har oppretta digitale planregister, og moglegitetene for å effektivisere og forenkle planlegginga bør takast i bruk.

FNs berekraftsmål, nasjonale klima- og miljømål og løysingar som styrkjer verdiskaping og busetjing i heile landet, er blant dei omsyna som skal leggjast til grunn for den overordna planlegginga, jf. Nasjonale forventningar til regional og communal planlegging 2023-2027. Dei nasjonale føringane inneholder elles ei rekke tiltak og omsyn som skal varetakast, blir lagde til rette for eller styrkast gjennom planlegginga.

Gjennom planlegging og anna utøving av mynde og tenesteyting skal kommunane stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og dessutan auka miljøvennleg energiomlegging.

Planlegginga skal også bidra til at samfunnet førebud seg på og tilpassar seg til klimaendringane. Planane bør omfatte tiltak mot avskoging, og ev. tiltak for auka opptak av CO<sub>2</sub> i skog og andre landområde. Planane til kommunen bør vidare omfatte informasjon om klimagassutslepp, og om

energisystem og forbruk av energi. Kommunen bør setje ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar og for effektivt energiforbruk.

Nissedal har interkommunalt plan- og byggesakskontor med Kviteseid kommune. Nissedal er vertskommune. Det blei tilsett ny plansjef hausten 2023.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2020 og har ein planhorisont fram mot 2031. Arealdelen er frå 2021, og er gjeldande til 2032. Sist vedtekne panstrategi er frå 2021.

#### **Vurdering**

Eit godt arealplanverk er viktig for å sikre effektiv og korrekt byggesakshandsaming. Kommunen har forholdsvis nye overordna planer. Vi kjenner ikkje til at det er særskilt risiko på dette området i Nissedal.

### **6.3. Byggesak**

Kommunen behandlar søknader om byggjeløyve, og skal handheve lova og eige planverk på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit formålstenleg og oppdatert planverk, gode rutinar og kompetanse bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

Kommunen skal føre tilsyn med at plan- og bygningslova blir etterlevd. Tilsynet skal ha eit slikt omfang at det kan avdekkje lovbroter.

Kommunen kan finansiere desse oppgåvene gjennom gebyr for saksbehandlinga i samsvar med reglane om sjølvkost.

Tal frå KOSTRA viser at kommunen handsama 16 byggesøknader med 12 vekers frist i 2023. Talet for søknader med tre vekers frist var 79. Kommunen handsama byggesøknadene innan fristane på 12 og tre veker.

Delen av innvilga byggesøknader som medførte vedtak om dispensasjon var i 2023 12,6 %. Det er lågare enn for kommunane i KOSTRA-gruppa (15,2 %) og landet utanom Oslo (20,1 %)

#### **Vurdering**

Det er generelt risiko knytt til saksbehandling av byggesaker. Kommune har områder for utbygging av fritidsbustader, noko som igjen kan auka risikoen for krevjande saksprosessar. Det kan vere risiko for at kommunane ikkje utøver eit aktivt tilsyn.

I tillegg er byggjesaksbehandling er eit av dei områda i kommunen der korruptionsrisikoen blir vurdert å vera størst. Utan tilstrekkeleg korruptionsførebyggjande tiltak kan det vera risiko for korruption.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon om byggjesak i Nissedal tidlegare, og vi meiner at det kan vere formålstenleg å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon om dette temaet.

## 6.4. Næringsarbeid

Gode rammevilkår for eit mangfaldig, berekraftig og konkurransedyktig næringsliv er sentralt i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Her har kommunen oppgåver både gjennom planlegging, tilrettelegging for næringsareal og eventuelle økonomiske støtteordningar.

Kommunen har næringssjef. Det blir gitt tilskott til næringsføremål frå kommunen sitt næringsfond og frå kraftfondet. Det ligg føre retningsliner for tildelingar frå fonda.

Kommunen sin næringsplan var for perioden 2013-2020. Næringsplanen blei ikkje revidert i 2022, slik det var føresett i kommunen sin planstrategi. Det vil i samband med omstillingsprogrammet (som kommunen deltek i) bli laga ein ny strategisk næringsplan. Den er planlagt å vere ferdig i løpet av 2024 og strekke seg seks år fram i tid.

Ordførar seier det har vore eit politisk tema om i kva grad midlar som blir brukt i ulike reiselivsselskap/satsingar gir effekt. Kommunen er involvert i mange selskap med mindre eigardeler. Administrasjonen er bede om å sjå nærmare på dette.

### Vurdering

Det er generelt risiko for manglande måloppnåing i næringsarbeidet. Det kan også vere risiko knytt til handsaming av søknader om tilskott til næringsføremål.

Kommunen har status som omstillingskommune<sup>6</sup> og får i ein avgrensa tidsperiode tilskott frå Telemark fylkeskommune.

Vi kjenner ikke til at det er særskilt risiko på dette området i Nissedal.

---

<sup>6</sup> Omstillingsarbeidet skal bidra til å skape nye arbeidsplassar og sikre eksisterande, styrke næringsgrunnlaget og utviklingsevna i området.

## 7. Eining for velferd

Eining for velferd omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp, tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri og kontor for sakshandsaming etter helse- og omsorgslova.

### 7.1. Helse- og omsorgstenester

Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege, det skal vere dokumentert internkontroll, og drifta skal organiserast slik at helsepersonell er i stand til å utføre forsvarlege tenester. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan ha betydning både for økonomien og kvaliteten i tilbodet.

Helse og omsorgstenestene spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse tenesteoppgåver. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom mellom 0 og 20 år, gravide og barsel.
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad som er tilrettelagt for heildøgns tenester, til dømes omsorgsbustad (tilrettelagt for heildøgns tenester), sjukeheim, barnebustad, avlastingsbustad og butilbod for rusavhengige.
- personleg assistanse (praktisk hjelp og opplæring og støttekontakt) - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidinger
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar
- velferdsteknologi
- sakshandsaming – tildeling av tenester

Kommunestyret har vedtatt ein omsorgsplan for perioden 2022-2040. Planen gjeld tenester til eldre/tenester frå Nissedal omsorgssenter. I planen er det omtale av utfordringar, forventa utvikling og framtidig organisering av tilbodet. Tenestetildeling og velferdsteknologi er også omtala. Planen skulle rullerast i 1. kvartal i 2024, men arbeidet er ikkje starta.

Det kom fram i årsmelding 2023 at det over tid har vore utfordringar med struktur, system, planar og nok personell. Det har vore fleire leiarskifter på området.

Kommunen har felles psykologteneste saman med 5 av kommunane i Vest-Telemark, med Seljord som vertskommune.

Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt

Det har ikkje vore tilsyn frå Statsforvaltar, bortsett frå beredskapstilsynet.

Kommunen delar i eit interkommunalt prosjekt om velferdsteknologi, og har i tillegg ei lokal prosjektgruppe som skal implementere og sette i gang tiltak lokalt.

Det har vore eit interkommunalt samarbeid mellom tenestekontora i Nissedal, Fyresdal, Tokke, Kviteseid og Seljord, saman med Samhandlingskoordinator. Det er utarbeida ei felles tenesteomtale/kriterium for tildeling av helse og omsorgstenester.

Ordførar seier det har vore noko misnøye kriteria for å få tildelt tenester. Det kan ha med kva for forventningar innbyggjarane har til tenestetilbodet. Det er ofte ønskje om sjukeheimslass, medan kommunen har meir vekt på å yte heimebaserte tenester.

Kommunedirektøren peikar på den generelle utfordringa med auka i talet på eldre i befolkninga. Det krevst omstilling både hjå tilsette og endringar i bygningsmassen. Det blir arbeidd med ein boligsosial plan der ein skal sjå på kva for type bustader/bustadmassen kommunen skal ha for å yte gode tenester.

## Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko knytt til kvaliteten i helse- og omsorgstenestene. Tematikk og vinkling bør vurderast nærmare ved bestilling. Aktuelle tema kan mellom anna vere:

- Ressursbruk
- Tenestenivå
- Førebyggande arbeid
- Kvalitet/internkontroll
- Velferdsteknologi

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon på dette området i Nissedal dei siste valperiodane.

## 7.2. NAV

Formålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får hove til å leve og bu sjølvstendig, og framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiene deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Kommunen skal ha kunnskap om levekåra til innbyggjarane, finne førebyggjande tiltak og tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar taler mot det. Kunnskap om og omsyn til barn sin situasjon skal vere med i sakshandsaminga.

NAV Vest-Telemark vart etablert 1.1.2020, og er eit vertskommunesamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune, og kontoret har 26 tilsette på Dalen. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving.

Statsforvaltar hadde tilsyn med NAV-kontoret på slutten av 2022. Tema for tilsynet var kartlegging og vurdering av barns behov. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg. Statsforvaltar hadde elles eit godt inntrykk. Kommunedirektøren er nøgd med samarbeidet om NAV-kontor. Etter tilsyn frå Arbeids- og velferdsetaten skal det setjast i verk tiltak for å betre tryggleiken for tilsette ved dei ulike NAV-kontora. For tida er difor dei lokale kontora stengt. Det er uklart kven som har ansvaret for å gjennomføre oppgraderingane, og når dette skal gjerast. Kommunen ventar på avklaring frå fylkesleiinga i NAV.

### Vurdering

Det er Tokke som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Tokke som har innsynsrett i denne tenesta, og er dei som eventuelt kan gjere bestilling av forvaltningsrevisjon.

## 8. Eining for oppvekst og kultur

Eining for oppvekst og kultur omfattar grunnskule, tilbod om skulefritidsordning og vaksenopplæring, kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar, musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet, vaksenopplæring og flyktningar.

### 8.1. Barnehage og skule

På barnehageområdet skal kommunen mellom anna drifte eigne barnehagar, samordne opptak, godkjenne og føre tilsyn både etter barnehagelova og etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Kommunen skal sjå til at grunnskuleopplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev. Det skal også vere tilbod om skulefritidsordning.

Det er krav til bemanning i barnehagar og skular, både når det gjeld kompetanse og tettleik.

For å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø har barnehagar og skular ei undersøkings- og aktivitetsplikt, og skal vere merksame på om barn kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller et individuelt tilrettelagt tilbod.

Nissedal kommune har fire barnehagar, og ein barneskule og ein barne- og ungdomsskule. Ein av barnehagane er samlokalisert med barneskulen i Kyrkjebygda. Nissedal kommune har færre barn pr tilsett enn nasjonalt gjennomsnitt (høvesvis 3,6 og 5,7). Delen av tilsette med barnehagelærarutdanning er noko lågare enn nasjonalt gjennomsnitt. Alle barnhagane oppfyller pedagognormen. Leke- og opphaldsareal pr barn i barnehagane i Nissedal er nær dobbelt så stort som nasjonalt gjennomsnitt.

Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringer og samarbeid. Kommunen har fleire planar og styrande dokument på området

Kommunen ligg godt innanfor normene for kor mange barn det skal vere pr. lærar.

Kommunedirektøren seier det dei siste åra har vore opplæringstiltak hjå lærarar for å møte kompetansekrav.

Resultat frå elevundersøkinga i Nissedal viser at elevar på 7. trinn trivast litt meir enn gjennomsnittet i landet og i Telemark. Elevane på 10. trinn ligg litt under gjennomsnittet i landet og i Telemark.

Som det går fram av tabellen under har Nissedal ein høgare del av elevane på meistringsnivå 3-5 i både lesing og rekning enn kommunane vi samanliknar med.

|                  | Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent) |      |      | Elevar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning 8.trinn (prosent) |      |      |
|------------------|---|------|------|--|------|------|
|                  | 2021  | 2022 | 2023 | 2021   | 2022 | 2023 |
| Nissedal         | 94,7  | 92,9 | 75,0 | 88,9   | 85,7 | 85,0 |
| Landet utan Oslo | 72,5  | 73,3 | 64,3 | 68,7   | 70,5 | 64,9 |
| KOSTRA-gruppe 14 | 75,5  | 79,8 | 62,8 | 64,7   | 73,8 | 64,1 |

Kvart år skal kommunen legge fram ein rapport om tilstanden i grunnskulen når det gjeld læringsmiljø, resultat og fråfall. Rapporten skal drøftast av kommunestyret. Kommunestyret handsama tilstandsrapport for skuleåret 21/22 i mai 2023.

Statsforvaltar har ikkje hatt tilsyn i Nissedal, og har lite kunnskap om grunnskulen.

Ordførar meiner kommunen ligg brukbart an i høve til tal på mobbing, men at skule er eit aktuelt tema å sjå nærmare på.

### Vurdering

Vår vurdering er at informasjonen som ligg føre ikkje peikar på spesiell risiko innanfor området barnehage/skule i Nissedal

Dersom ein vil prioritere forvaltningsrevisjon på dette området, kan fleire tema vere aktuelle, til dømes tidleg innsats, spesialpedagogisk hjelpe (Kap 8.2) eller kvalitet i skule eller barnehage.

## 8.2. Pedagogisk psykologisk teneste

Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. PPT skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for barn/elever med særlege behov.

I ny opplæringslov, som trer i kraft 1. august 2024, blir gjort tydeleg kravet om at PPT skal hjelpe til i det førebyggjande arbeidet og med tidleg innsats. Det er sett i gang eit prosjekt for å heve kompetansen innanfor spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehagar, skular og PPT (kompetanseløftet). Eit av måla er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

### Observasjonar

Nissedal er deltakar i og får pedagogisk-psykologisk tenester frå Vest-Telemark PPT IKS, som har kontor i Kviteseid. Deltakarkommunane har utarbeida ein felles overordna oppvekstplan.

Nissedal kommune har ein høg del elevar i grunnskulen som får spesialpedagogisk undervisning enn kommunen vi samanliknar med:

*Tabell 2 Elevar i grunnskulen som får spesialpedagogisk undervisning, perioden 2021-2023 (i prosent)*

|                         | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------------|------|------|------|
| <b>Nissedal</b>         | 10,7 | 11,6 | 13,8 |
| <b>Landet utan Oslo</b> | 7,9  | 7,9  | 8,1  |
| <b>KOSTRA-gruppe 14</b> | 9,0  | 9,3  | 9,8  |

Kjelde: KOSTRA

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med PPT i 2021/22. Formålet med tilsynet var å kontrollere om PPT oppfylte krav i regelverket om å utarbeide sakkunnige vurderinger, og om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen i organisasjonen for betre å legge til rette for elevar med særskilde behov. Statsforvaltar fann fleire avvik under tilsynet. Dette gjaldt mellom anna at PPT brukte for lang tid på å utarbeide sakkunnige vurderinger.<sup>7</sup>

Kontrollutvala i dei seks Vest-Telemark-kommunane har bedt om at PPT blir vurdert for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, fordi planlagt eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon i førre periode vart avlyst/utsett. Planlagt tema var kommunane si eigarstyring av selskapet, om selskapet si styring var i samsvar med selskapsreglane, og om kommunane og selskapet hadde gode tiltak for å følgje opp ressursbruk og leveransar frå selskapet til kvar kommune. Det er i ettertid gjort utgreiingar og vurderingar knytt til organisasjonsform mm. Desse spørsmåla skal handsamast i kommunestyra i 2024.

### Vurdering

Det kan vere risiko knytt til PPT, men dersom organiseringa av selskapet skal endrast, meiner vi at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon av PPT i si noverande form. Ein forvaltningsrevisjon av PPT må eventuelt vurderast når organisering er avklart, og leggast mot slutten av perioden.

## 8.3. Integrering og vaksenopplæring

I 2020 kom det ei ny integreringslov som regulerer introduksjonsprogrammet (den tidlegare introduksjonslova vart oppheva). Formålet med lova er at innvandrarar tidleg blir integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige. Kommunen har ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnsfag både til innvandrarar og asylsøkjarar i mottak, og dessutan introduksjonsprogram for innvandrarar 18 – 55 år med oppholdsløyve og som er busett i kommunen etter avtale med integreringsstyresmaktene.

Kommunestyret avgjer kor mange flyktningar kvar enkelt kommune skal busetje.

<sup>7</sup> Vest-Telemark PPT IKS er også omtala i kapittel 10 om eigarskapskontroll.

Talet på flyktningar har auka dei siste åra og presset på tenestene i kommunane er forventa å vere høgt. Auken er ei følgje av krigen i Ukraina.

Integreringstenesta (tidlegare Flyktningtenesta) vart etablert i 2022, og har 2.5 årsverk.

Innvandrarar utgjer om lag 12 % av befolkninga ai kommunen.

Kommunen tok imot 48 flyktningar frå Ukraina i 2023. IMDI har bede kommunen om å busette 30 flyktningar i 2024.

Ordførar peikar på at det er noko press på tenesta med auke i Ukrainske busette, men det er ikkje peika på særskilte utfordringar knyt til vaksenopplæring og integreringsarbeidet i årsmeldinga for 2023.

### Vurdering

Det kan generelt vere risiko for at ein ikkje får ivaretatt krava til introduksjonsprogrammet, særleg i ei relativt nyetablert teneste.

Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskilt risiko i Nissedal på dette området.

## 8.1. Barnevern

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Barneverntenesta skal vareta ei sårbar gruppe som ikkje alltid kan vareta eigne behov og ønskjer. Det er derfor særleg viktig at barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å gjere rette vedtak og ha tilstrekkeleg oppfølging. Krava til kompetanse er styrkte i ny barnevernslov.

Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester, og det tilrådd at det blir inngått samarbeidsavtalar, m.a. med NAV og med psykisk helsevern for barn og unge i helseføretaka.

Talet på barn og unge som har fått hjelp av barnevernet i Noreg har gått ned frå 2021 til 2022. Det gjeld også talet på bekymringsmeldingar og andelen av bekymringsmeldingane som går vidare til undersøkingssak.

Tilstandsrapport 2022 for tenesta er lagt fram for alle kommunestyra. Ifølgje rapporten var det 10 meldingar til barnevernet i Nissedal. Det er ei auke frå året før då det var 8 meldingar.

Tabellen under viser utviklinga i Nissedal kommune frå 2021-2022 når det gjeld kor stor del av barn og unge som har barneverntiltak:

*Tabell 3 Barn med barnevernstiltak i prosent av innbyggjarar 0-24 år. Nissedal kommune, KOSTRA-gruppe 14 og landet utan Oslo*

|                         | 2022 | 2023 |
|-------------------------|------|------|
| <b>Nissedal</b>         | 4,5  | 4,6  |
| <b>KOSTRA-gruppe 14</b> | 3,6  | 3,0  |
| <b>Landet uten Oslo</b> | 3,1  | 2,8  |

Kjelde: KOSTRA

Ifølge tal frå SSB blei alle meldingar handsama innan fristen på sju dagar. Pr 31. desember 2023 hadde ti av elleve barn med barnevernstiltak i Nissedal utarbeidet plan.

Statsforvaltaren hadde landsomfattande systemrevisjon på undersøkingar i 2020/21. Det blei avdekt lovbro i barneversamarbeidet i Vest-Tekmark, men dette er no retta opp.

### Vurdering

Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta, bortsett frå at det kan vere lite føreseielege økonomiske utfordringar. Det kan vere noko risiko knytt til samhandling og førebyggande arbeid,

Det er Kviteseid som vertskommune for samarbeidet, og ein eventuell forvaltningsrevisjon bør utførast i samarbeid mellom dei kommunane som deltar i samarbeidet. Det er kontrollutvalet i Kviteseid som kan vedta ein eventuell forvaltningsrevisjon av barneverntenesta.

## 9. Eining for teknisk drift

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

### 9.1. Eigedomsforvalting

Kommunale eigedommar har stor verdi. God eigedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarar gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for eigedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar gode avgjerdsgrunnlag.

Det er som regel risiko knytt til kommunale investeringsprosjekt, og konsekvensane kan bli store. Det kan mellom anna vera risiko ved planlegging og saksutgreiing, val av løysing, kostnadsramma, anskaffingsprosess, prosjektstyring, kontraktsoppfølging og overtaking. Kommunen bør ha klare styresmaks- og ansvarsforhold og tiltak for å sikra gode prosessar både i planlegginga og gjennomføringa av investeringsprosjekt.

#### Observasjonar

Ifølgje kommunen sin budsjett/økonomiplan 2024-2027 skal det utarbeidast langsiktig plan for vedlikehald og oppgradering av kommunale bygg. I KOSTRA finn vi disse nøkkeltala for eigedomsforvaltninga i Nissedal, KOSTRA-gruppa og i landet utanom Oslo.

Tabell 4 Utvalde nøkkeltal for eigedomsforvaltninga. Tal frå 2023

|   | Nissedal | Landet<br>u/Oslo | KOSTRA-<br>gruppe<br>14 |
|---|----------|------------------|-------------------------|
| <b>Netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter (prosent)</b> | 11,9     | 9,4              | 11,5                    |
| <b>Netto driftsutgifter til forvaltning av eigedom pr innbyggjar (kr)</b>                       | 339      | 431              | 825                     |
| <b>Areal på føremålsbygg pr innbyggjar (kvm)</b>  | 7,66     | 5,03             | 9,47                    |
| <b>Utgifter til vedlikehald pr kvadratmeter (kr)</b>  | 59       | 113              | 72                      |
| <b>Utgifter til driftsaktiviteter pr kvadratmeter (kr)</b>                                      | 1 145    | 750              | 719                     |
| <b>Utgifter til reinhald pr kvadratmeter (kr)</b>   | 284      | 187              | 180                     |
| <b>Utgifter til energikostnader pr kvadratmeter (kr)</b>  | 332      | 170              | 200                     |

Av tabellen går det fram at kommunen har større driftsutgifter pr kvadratmeter til føremålsbygga enn kommunane vi samanliknar med.

Kommunen har ifølge ordførar stort etterslep på vedlikehaldet. Han viser til at det blir arbeidd med ein plan for forvaltning av bygningsmassen, og at det er sett av meir midlar til vedlikehald i budsjettet.

### Vurdering

Vi meiner at det er risiko for at kommunen ikkje har eit tilfredsstillande system for verdibehavarande vedlikehald av eigedommane, og at kommunen har eit etterslep når det gjeld vedlikehald. Dette er kjend informasjon for kommunen, så vi trur at ein forvaltningsrevision av eigedomsforvaltninga vil ha avgrensa nytte.

Dersom det skal gjerast fleire/større investeringar, kan det vere nyttig å gjere forvaltningsrevision av planlegging, styring og gjennomføring av investeringsprosjekt, enten innan eigedomsforvaltning eller vatn og avløp.

Det har ikkje vore forvaltningsrevision på dette området i Nissedal.

## 9.2. Vatn og avløp

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker forsyning av vatn i samsvar med drikkevassforskrifta, og ei miljømessig riktig handtering av avløp i samsvar med forureiningslova. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for forsyning av drikkevatn.

Generelt kan ein rekne med at alderen til VA-nettet, på-slepp og klimatiske endringar også kan skape behov for større investeringar. Manglande investeringar og vedlikehald kan føre til utrygg drikkevassforsyning og fare for forureining frå avløpet.

Investering og drift innanfor vassforsyning og avløp blir gebyrfinansiert i samsvar med reglane for sjølvkost. Store investeringsbehov og høge driftskostnader kan føre til auka gebyr for innbyggjarane.

Kontrollutvalet har foreslått å kontrollere om kommunen har korrekt avgift for ulike abonnentar, til dømes bustad og fritidsbustad

Kommunen har 100% sjølvkostdekning på vassforsyninga. Kommunen nyttar ikkje konsulent (til dømes Envidan Momentum som er nytta av mange kommunar) i berekninga av sjølvkost.

Alle innbyggjarar i kommunen er knytt til kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat (e.coli).

Vassgebyret i Nissedal har auka frå 2022 til 203 og låg over landet utanom Oslo, men under kommunane i KOSTRA-gruppa.

*Tabell 5 Årsgebyr for vassforsyning (ekskl. mva)*

|                         | 2022  | 2023  |
|-------------------------|-------|-------|
| <b>Nissedal</b>         | 3 600 | 5 400 |
| <b>Landet u/Oslo</b>    | 4 204 | 4 809 |
| <b>KOSTRA-gruppe 14</b> | 5 429 | 6 257 |

Delen av total kommunal vassleveranse til lekkasje var i 2023 på om lag 5 %. De er lågare enn gjennomsnittet for landet utan Oslo, som var 28,6 %. Tal for KOSTRA-gruppa ligg ikkje føre

Kommunen har ikkje fornja leidningsnettet dei siste åra:

*Tabell 6 Prosentdel fornja kommunalt leidningsnett. Gjennomsnitt for dei tre siste åra*

|                        | 2022 | 2023 |
|------------------------|------|------|
| <b>Nissedal</b>        | 0    | 0    |
| <b>Landet u/Oslo</b>   | 0,62 | 0,58 |
| <b>KOSTRA-gruppe 6</b> | ..   | ..*  |

\*tal ligg ikkje føre

### Avlaup

Kommunen har 100% sjølvkostdekning på avlaupshandteringa. Det har vore auke i gebyret frå 2022 til 2023. Gebyret for avlaupshandtering låg i 2023 litt høgare enn kommunane i landet utanom Oslo, mån lågare enn kommunane i KOSTRA-gruppa:

*Tabell 7 Årsgebyr for avlaupstenesta (ekskl mva)*

|                         | 2022  | 2023  |
|-------------------------|-------|-------|
| <b>Nissedal</b>         | 3 520 | 5 700 |
| <b>Landet u/Oslo</b>    | 4 621 | 5 264 |
| <b>KOSTRA-gruppe 14</b> | 5 613 | 6 321 |

Kjelde KOSTRA

Del av innbyggjarane som er tilknytt anlegg der reinsekrava er oppfylte var i 2022 på 93,1 %. I landet utanom Oslo var denne delen 64,2 %.

I KOSTRA ligg det ikkje tal på fornying av spillvassnettet i Nissedal kommune

Kommune har vatn- og avlaupsplan for perioden 2017-2027

Ordførar seier det har vore mykje merksemd på gebyrnivået, og at det kan vere aktuelt å sjå på om kommunen følgjer regelverket for berekning av sjølvkost.

### Vurdering

Kommunen forventar ein auke i drift- og vedlikehaldsoppgåver innan VA-sektoren som følgje av fleire anlegg og nye forsyningsområde. Nissedal gjer mellom anna store investeringar saman med Drangedal kommune på Gautefallheia.

Gebyra i Nissedal har tidlegare vore lågare enn gebyra i nærliggande kommunar. Det har vore auke i gebyra dei siste åra. Kommunen legg til grunn at auken skal vere større for hytter enn for hus, fordi ein stor del av kapitalkostnadene kjem som følgje av investeringar i infrastruktur retta mot utbyggingsområda for hytter. Det kan vere risiko på dette området, både når det gjeld sjølvkostfordeling og kontroll med investeringar.

Tidlegare kontrollutval har gjort framlegg om forvaltningsrevisjon på dette området

### 9.3. Veg

Kommunen har mynde og ansvar for forvaltning og vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelstiar. Dette vil seie at kommunen skal halde vegane opne for offentleg ferdsel. Kommunen skal planlegge og gjennomføre vedlikehald og drifte dei kommunale vegane.

Nissedal har om lag 25 km med kommunale vegar. Kommunen har ikkje vegplan. Kommunen hadde i 2023 lågare driftsutgifter til dei kommunale vegane enn dei vi samanliknar med:

Tabell 8 Brutto driftsutgifter til kommunale veger (funksjon 332) ekskl. avskrivningar, pr km (kr) (1000 kr)

|                         | 2022    | 2023    |
|-------------------------|---------|---------|
| <b>Nissedal</b>         | 90 077  | 62 962  |
| <b>Landet u/Oslo</b>    | 143 726 | 170 794 |
| <b>KOSTRA-gruppe 14</b> | 79 343  | 107 259 |

### Vurdering

Vi er ikkje kjend med forhold som tilseier at det er risiko på dette området.

### 9.4. Renovasjon

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall. For å oppnå betre ressursutnytting av avfall, verne miljøet og redusere klimagassutslepp er det krav om sortering og sorteringsgrad med ulike fristar for ulike avfallsfraksjonar, t.d. 50% av matavfallet skal vere sortert ut innan 2025.

Kommunen skal ha kunnskap om og dokumentasjon på oppnådd utsorteringsdel per år, og dessutan oversikt over årleg mengd matavfall, park- og hageavfall og plastavfall som er utsortert

og levert til materialgjenvinning. Kommunen må sørge for gode system og tiltak for å vareta desse krava.

Handteringen til kommunen av hushaldsavfall skal finansierast gjennom eit avfallsgebyr, som blir fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet.

Renovasjonsselskapet IATA IKS står for handteringen av hushaldsavfallet (og slam) for kommunane Nome, Drangedal, Nissedal og Åmli. Hovudkontoret er i Nissedal

Hushaldsavfall pr innbyggjar i Nissedal er ifølgje KOSTRA 618 kg pr år i 2023. Det er meir enn gjennomsnittet både for innbyggjarane i landet utanom Oslo (367 kg) og for innbyggjarane i KOSTRA-gruppe 14 (556 kg).

Delen av avfallet om blir levert til materialgjenvinning (inkl. biologisk behandling) er litt lågare i Nissedal enn i kommunane vi samanliknar med.

Årsgebyret for avfallstenesta var i 2023 kr 2 764 for innbyggjarane i Nissedal. Gjennomsnittet i landet utanom Oslo var kr 3 557 og i KOSTRA-gruppe 14 kr 3 614.

#### Vurdering

Det var eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon i IATA AS i 2020. Av den grunn meiner vi det ikkje er hensiktsmessig med ein forvaltningsrevisjon i dette selskapet no.

## 9.5. Brannvern og feiing

Kommunen skal å sørge for etablering og drift av brannvesen. Oppgåvene til brannvesenet er å sørge for beredskap ved brann og å drive førebyggjande arbeid.

Det førebyggjande brannvernsarbeidet inneber m.a. kartlegging av brannobjekt og utsette grupper, og dessutan tilsyn og feiing av fyringsanlegg i bygningar, inkludert fritidsbustader.

Kommunen kan ta gebyr for tilsyn og feiing. Gebyret skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Brannvern og branntilsyn i Nissedal kommune er organisert som eit interkommunalt selskap saman med kommunane i Vest-Telemark. (Vest-Telemark brannvesen IKS, sjå kap. 10.2). Det var forvaltningsrevisjon knytt til sjølvkostgebyr og feiing i 2017.

#### Vurdering

Vi er ikkje kjende med forhold som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

# 10. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

## 10.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring.

Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS), samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefellesskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.<sup>8</sup>

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Nokre eigarskapskontrollar blir gjort i kombinasjon med forvaltningsrevisjon i selskapet.

### Eigarskap og eigarstyring i Nissedal

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar ha vedtatt ei eigarskapsmelding innan utgangen av 2023. Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene.

Nissedal kommune eig fleire selskap, både åleine, saman med andre kommunar og saman med private aktørar.

Nissedal kommune har eigarskapsmelding frå 2018. Eigarskapsmeldinga gir generell informasjon om eigarstyring og selskapsformer, kommunen sine eigarstyringsprinsipp og oversikt over selskap kommunen har eigarinteresser i, med formål med eigarskapen og vurderingar av vidare strategi for eigarskapen. Eigarskapsmeldinga er ikkje handsama av kommunestyret i valperioden 2020-23, og informasjonen om selskapa er ikkje oppdatert sidan 2018

Det var eigarskapskontroll i Nissedal i 2022 retta mot eigarskapsmelding, praksis for eigarstyring og styrevalprosessar. Det var fleire tilrådingar etter kontrollen.

Ordførar peiker på at det kan vere ei utfordring å sørge for at kommunestyret får høve til å gi eigarrepresentantane innspel i forkant av møter i representantskap og generalforsamlingar. Det er få kommunestyremøte gjennom året, og mange saker til handsaming.

---

<sup>8</sup> Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar, går fram av vedlegg 1 og 2.

### Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er risiko for at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana. Det kan også vere risiko for at eigar sine forventningar til selskapa ikkje blir formidla og etterspurt av eigar.

Når kommunen eig selskap saman med stat og/eller private, har ikkje kontrollutvalet rett til innsyn i verksemda. Manglande innsyn og informasjon kan skape ein ekstra risiko, og kan gi utfordringar i eigarstyringa.

Val av styre er den viktigaste oppgåva eigar har. Kva som er ei føremålstenleg organisering av styrevalprosessane kan variere for heileigde og deleigde selskap, og også ut frå storleiken, organisasjonsforma og verksemda til selskapa. Forslag til styresamansetjing frå selskapa sine valkomitear er generelt ofte er lite greidd ut og lite dokumentert.

Vi meiner det er risiko knytt til kommunen si eigarstyring. Det kan også vere risiko knytt til verksemda i selskapa. Kommunelova krev at kommunestyret skal vedta eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperioden. Vi legg til grunn at Nissedal skal handsame eigarskapsmeldinga i inneverande valperiode. Vi vil difor tilrå ein generell eigarskapskontroll seint i perioden.

## 10.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap.

Prioritering av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- selskap der kontrollutvalet har innsynsrett
- selskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett

### Vurdering

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk *er* risiko.

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til kjerneverksemda, t.d. krav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som utfører lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester.

Det kan også vere risiko knytt til selskapet si etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigar. Slike retningslinjer kan t.d. handle om berekraft og anna samfunnsansvar, korupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering, personvern, HMS, anskaffingar vere risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av datterselskap også eit aktuelt tema.

Forvaltningsrevisjon i selskap med fleire eigarar bør gjennomførast for eigarane i fellesskap.

Kontrollutvalet/revisor har ikkje innsynsrett i selskap med private og statlege medeigarar. Vi legg til grunn at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon i slike selskap. Manglande innsynsrett er ein risiko i seg sjølv, og desse selskapa er sjølv sagt aktuelle å ta med i ein eigarskapskontroll.

Vest-Telemark PPT er vurdert i pkt. 8.2. Vi har elles ikkje prioritert mellom risiko i selskapa.

# Vedlegg 1: Oversikt over selskap

## Selskap der kontrollutvalet har innsynsrett

| Selskap  | Selskapet sitt formål<br>(forkorta/omskrive)   | Eigardel | Deltakarar og<br>(kontorkommune)  | Vurdering av generell risiko  |
|--|--|----------|---|---|
| <b>Vest-Telemark kraftlag Holding AS</b><br>Har tre datterselskap. | Eige datterselskap innan energi, tenestyrtning -merkantile tenester til datterselskap. | 5 %      | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Fyresdal og Nissedal (Høydalsmo/Tokke)   | Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i datterselskapene. |
| <b>Kvito AS</b>  | Tiltaksarrangør, varig tilrettelagt arbeid   | 0,43%    | Vinje, Kviteeid, Tokke, Nissedal (Vinje)  | Risiko knytt til måloppnåing, økonomi, ordinær drift, selskapsstyring og konsernstyring.                |
| <b>Sør-Øst 110 AS</b>  | Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralalar.                                    | 0,2%     | Mange kommunar  | Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.                               |
| <b>Vest-Telemark brannvesen IKS</b>                                | Brann og redning, tilsyn   | 10       | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Tokke)   | Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.   |
| <b>Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS (IATA)</b>           | Renovasjon   | 10,3     | Drangedal, Nome, Nissedal, Åmli   | Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.   |
| <b>Vest-Telemark Pedagogisk Psykologis Teneste IKS</b>             | PP-teneste – sakkunnige vurderinger, systemretta arbeid for barnehage og skule.        | 10       | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Nissedal, Fyresdal (Kviteeid)  | Risiko knytt til måloppnåing, drift, selskapsstyring.   |
| <b>Konsesjonskraftstyret i Telemark KO</b>                         | Konsesjonskraftomsetjing   | 11,11    | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skiens) | Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.   |
| <b>Kraftkompetanse KO</b>  | Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvalting av naturressursar          | 5        | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)                 | Risiko knytt til drift og selskapsstyring.  |

| Selskap  | Selskapet sitt formål<br>(forkorta/omskrive) | Eigardel       | Deltakarar og<br>(kontorkommune)   | Vurdering av generell risiko   |
|--|--|----------------|--|--|
| <b>Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)</b> | Drift av arkiv                               | 0,9            | Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)  | Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.                                    |
| <b>Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR)</b>                   | Regionalt distriktpolitisk samarbeidsorgan   | Etter folketal | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Kviteeid)   | Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Selskapet er registrert som § 27-selskap i Brønnøysundregisteret. |
| <b>Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekreariat IKS (Vetaks)</b> | Sekretariatstenester til kontrollutval       | 1,0            | Telemark fylkeskommune, alle kommunane i Telemark unntatt Skien, Vestfold fylkeskommune, alle kommunane i Vestfold, Agder fylkeskommune, fleire kommunar i Agder. (Bø/Midt-Telemark) | Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet                                  |
| <b>Vestfold og Telemark revisjon IKS</b>                                 | Revisjonstenester til eigarkommunane mm      | 1,6            | Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)   | Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet                                  |

## Selskap der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett<sup>9</sup>

| Selskap  | Selskapet sitt formål                                  | Kommunen sin eigardel | Deltakarar   |
|--|--|-----------------------|--|
| <b>Vest-Telemark næringsbygg AS</b><br>Dotterselskap | Styrking og vidareutvikling av næringslivet i regionen | 1,25%                 | Vinje, Tokke, Kviteeid, Seljord, Nissedal, Fyresdal, Hjartdal, private (Kviteeid)                                |
| <b>Skien Dalen Skipsselskap AS</b>                   | Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget              | 0,1%                  | Skien, Nome, Kviteeid, Tokke, Nissedal, Fyresdal, Vinje, Telemark fylkeskommune, fleire private reiselivsaktørar |
| <b>Vest-Telemark blad AS</b>                         | Avis   | 3,27%                 | Kommunane i Vest-Telemark, private   |

---

<sup>9</sup> Aksjeselskap med private eller statlege medeigarar, jf. avgrensing av innsynsretten i kommunelova § 23-6 første ledd bokstav d).

## Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikke sjølvstendige rettssubjekt

| Namn                                 | Formål  | Organisasjonsform           | Deltakarar  | Kontorkommune/vertskommune |
|--------------------------------------|---|-----------------------------|---|----------------------------|
| Telemark innkjøpssamarbeid KO (TIS)  | Etablering av felles rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Innkjøpssamarbeidet har hovedansvaret for å gjennomføre innkjøpsprosessane i samarbeid med deltakarkommunane. | Kommunalt oppgåvefellesskap | Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke | Midt-Telemark              |
| Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark | Barnevernteneste  | Vertskommunesamarbeid       | Fyresdal, Kviteeid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje             | Kviteseid                  |
| NAV - sosialteneste                  | Sosialteneste   | Vertskommunesamarbeid       | Fyresdal, Kviteeid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje             | Tokke                      |
| Interkommunal psykologteneste        | Psykologteneste   | Vertskommunesamarbeid       | Fyresdal, Kviteeid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje             | Seljord                    |
| Rask psykisk helsehjelp              | Helseteneste  | Vertskommunesamarbeid       | Fyresdal, Kviteeid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje             | Seljord                    |
| Vest-Telemark driftssenter           | IT-drift  | Vertskommunesamarbeid       | Fyresdal, Kviteeid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje             | Vinje                      |
| Plan- og byggesak                    | Oppgåver etter plan- og bygningslova  | Vertskommunesamarbeid       | Kviteseid og Nissedal   | Nissedal                   |



# På vakt for fellesskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: [post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

24: 4028 400